



Bente Nilsen, Gunn Mari Moberg og Kjersti Børve kan glede seg over at husvære-prosjektet oppå butikken har kome eit steg vidare.  
(Foto: Ola Matti Mathisen)

**Nilsen Handel AS har kome eit steg vidare med husvære-prosjektet i andre høgda, oppå butikken. Kommunen har no gjeve rammeløyve for innreidning av dei fem husværa samt ny inngong med heis.**

Det blir tre husvære på 82 kvadratmeter og to på 111 kvadratmeter. Arbeidet med prosjektet kan imidlertid ikkje igangsetjast før det ligg føre igangsettingsløyve og det må søkast særskilt om dette.

Det er og sett visse vilkår. Eit av dei er at hems/loftplan berre kan innreidast til/nyttast som tilleggsdel (bod, oppbevaringsrom) sidan bygningar plassert på dette arealet i reguleringsplanen berre kan oppførast i to plan.

Naboar og gjenboarar er lovleg varsla og det ligg ikkje føre protestar mot prosjektet..